Alle som var i Svenn sin årsklasse, ja både i før- og ettertid har hørt navnet Frostad, han som var sjef der oppe. Han var foten av styggemannen, han var fæl. De ekserserte og dro på den fordervelige børsa rundt alle veier. Så en morgen på oppstillingen, skulle de ha en mann i "provian-

ten" til å holde styr på den. Da rekte Svenn opp hånda så langt som han rakk. Du er ansatt, sa befalet. Dermed havnet han i proviantlaget og hadde det godt mens han gikk og stuet om på mat i hyllene. Bedre mat fikk han også og hadde det riktig godt. Rekruttiden ble nå engang slutt og Svenn fikk forespørsel om han ville bli såkalt "ledende" og holde øye med vedlikeholdet i leiren. Han skulle avløse en fra Varaldsøy, som senere seilte skipper hos Vestfald Larsen, hos han fikk Svenn opplæring. En dag de gikk omkring på inspeksjon, fikk de besked om at skulle sjefen ha malt taket hvitt på kontoret sitt og han hadde bjørkefiner på veggene som skulle



*Svenn i militære. Bildet tatt på Vrengen bru mellom Tjøme og Nøtterøy. Svenn nr. tre fra høyre.*

lakkes. De fant to mann som så nogenlunde bra ut, til å gjøre jobben. Utpå dagen hørte de plutselig et brøl i høytaleranlegget, Svenn og den andre ledende hadde å innfinne seg på sjefens kontor øye-blikke-lig. Da de kom inn på kontoret, viste det seg at den ene karen, en jubelidiot om en så kan si, hadde satt seg oppå skrivebordet til sjefen, oppå ei glassplate i bordet. Plata hadde selvfølgelig gått i tusen knas. Den ledende fra Varaldsøy fikk ordre om at han skulle dimiteres øyeblikkelig og Svenn fikk beskjed om at han hadde sparken og at han skulle komme seg vekk i fra leiren hans.

Neste morgen kl. 06.00 sto Svenn på Garnes jernbanestasjonen med sekken sin og tok første toget til Horten. Vel framme i Horten, spurte de han hva i herrens navn han hadde der å gjøre. " Vet ikke jeg " sa Svenn. Så sendte de han til Tønsberg, på Mågerø radarstasjon. Der hadde han det bra, det var en nydelig plass å være. Hadde det ikke vært for at en ikke tjente penger, så hadde det vært helt all right å vært der. Svenn fikk en fin jobb med å passe på utstyret i leiren. Der var det masse marinegaster, folk fra flyvåpenet og kystartilleriet som gikk på radarskole, de ble utdannet som radarmekanikere. Det var mye løye som foregikk i denne leiren. Svenn sin direkte foresatte, kapteinløytnant Pettersen var litt av en skrue. Han hadde alltid ei kaffe flaske med seg, den inneholdt en blanding av sprit og kaffe, som gjorde at dagene kunne bli innholdsrike og variable. Utpå dagen når det var tid for å gå på "lugaren", rommet som han bodde på, måtte Svenn ofte geleide han ganske ofte. Han bodde ute på Vasser og Svenn måtte av og til føre han hjem med ei sjekte som tilhørte leiren. Da lå han på kne i båten og liksom speidet rundt om. De militære oppgavene til Pettersen, bestod blant annet av budsjettkontroll. Svenn måtte føre regnskap over innkjøp og forbruk. Når han kom med 14 dagers rapportene, så var det alltid alt for lite forbruk mente Pettersen. "Mer forbruk, mer forbruk, skriv på" jamret Pettersen, "ja men det stemmer jo ikke " svarte Svenn, som hver gang måtte føre på mer før han fikk godkjenning av kapteinløytnanten. Omsider så ble selvfølgelig lageret fullt, men på papiret var det tomt. " Å herre gud, tenk om revisjonen kommer" lallet Pettersen. Det måtte handles inn utstyr. Sven for av gårde med en lastebil og en rekvisisjon, signert in blanco, til Horten, hvor alt det mellomliggende ble anskaffet på Marineholmen. Pettersen var med og ble satt av nede i byen hvor han skulle besøke kompisene sine mens Svenn handlet. Da han ble plukket opp på hjemvegen var han ikke helt stø på beina. De kjørte oppover i Vestfold, til en plass hvor det sto en låve. Der stuet de inn alt det de Svenn hadde kjøpt og låste låvedøra med en

svær hengelås. Svenn ble tilbudt å oppbevare nøkkelen, men svarte at den fikk Pettersen ta vare på selv. Tilbake i leiren ordnet Svenn regnskapene så alt stemte og da var Pettersen trygg for revisjonskontrollen som kom, en eller annen gang. Hvor lageret senere ble av, vet ikke Svenn, det var nå heller ikke hans problem. For å bruke opp det rikholdige budsjettet, fant de på all slags tull. De kjøpte inn møbler for mange tusen kroner, hvor møblene ble av er ikke godt å si, kanskje ble de regelrett dumpet.

Sven var innkalt til 11 måneders tjeneste, men dette forandret seg underveis på grunn av " den kalde krigen". Han skulle egentlig ha vært inne i en forlenget periode på 14 måneder. En av godene han fikk med seg, var at han reiste hjem på juleferie, til ut i januar. Om sommeren var alle offiserene på 14 dagers fellesferie, mens Svenn styrte leiren. Da var det ikke skolegang, alle instruktørene var på ferie. Han hadde en jobb med vakt holdet, leverte ut skarpe skudd til vaktene om kvelden og fikk de tilbake om morgenen. Da Pettersen kom tilbake fra ferie, spurte han Svenn om han ville ha sommerferie. Det ordnet seg. En kvartermester kom fra Horten og løste av Svenn. Han utvidet de 14 dagene til 3 uker, som han avtalte med kvartermesteren. Etter 3 ukers ferie på Bømlo, reiste han tilbake med Vestfoldbanen via Drammen. Den første han traff på morgenkvisten inn forbi porten var Pettersen. "God, dag og dag Vorland og velkommen tilbake. Ja, ja , har du hatt 14 dager ferie nå da" sa han. "Nei, jeg har hatt 3 uker" svarte Svenn. "Se det, se det" svarte Pettersen. Det var hele kommentaren.

Mågerøy var en hul festning som tyskerne hadde utformet og utstyrt med en svær tysk kanon "Berta" under krigen. Inne i fjellet var ammunisjonslager , med svære granater og andre bugnende kasser. De hadde stemplingsur og det måtte Sven holde kontroll med. En dag skulle det være øvelse, det var kystartilleriet som skulle "krige". Svenn fant ut at han ville ikke være i leiren mens dette pågikk. Han tok alle de tiltrudde nøklene i lommen og syklet ut.



Han hadde kjøpt seg en gammel sykkel for 10 kroner. Svensn og en annen kar, en nordlending som hette Grønnbekk, senere sekretær i Norsk styrmannsforening, syklet av sted, de var gode kompiser. Ut på natta kom de tilbake, nå måtte vel "krigen" være ferdig. Den som møtte de, var Pettersen. "Vi har tapt krigen, vi har tapt krigen" jamret han. "Hva er det nå da" sier Svensn. "Vi hadde jo ikke børser, du tok med deg alle nøklene til våpenskapene".

Sjekta som de hadde i leiren, dro de på land om høsten og tok magneten ut av bensinmotoren, den var 2- sylindret. Når våren kom, skulle de sette den ut og magneten måtte settes på plass igjen. Svensn spurte om det var noen maskinister eller mekanikere som kunne sette i magneten, En kar rekkte opp neven, han var bilmekaniker. Han ble værende nede i sjekta lenge og vel, men fikk ikke motoren i gang. Så spurte Pettersen Svensn om han kunne se på moteren. Det gnistret i pluggene, men så var spørsmålet hvor tid de gnistert. Det måtte jo være når stempelet var oppe. Han fann en pinne og satte nedi, tørnet motoren til den var oppe og tørnet deretter på magneten til den fikk gnist og satte den på. Så gikk motoren. Det var gode greier, for leirsjefen skulle ha sjekta på sommerferie ved Svenskekysten, sa Pettersen. "Det som er galt med denne motoren, er at den er for lite kjørt" sa Svensn. Pettersen var enig og skrev ut rekvisisjoner in blanco på bensin til Svensn. Han og Grønnbekk lå deretter ut i vestfoldskjærgården med sjekta hele forsommeren og koste seg, til sjefen skulle på ferietur til Sverige. De hadde det som plommen i egget.

Etter 11 måneder ba Svensn om å bli dimittert, han ville begynne på styrmannsskolen. Han snakket med personalsjefen og ba om hjelp. Det ble tatt kontakt med Bergen, etter som Svensn hørte til under vestlandsavdelingen opprinnelig. Etter noen dager fikk han beskjed om at dimitteringen var innvilget og ordnet selv med billett. Reisen gikk med vestbanen til Oslo og videre på østbanen til Fagernes. Derifra var jernbanelinjen ødelagt over fjellet på grunn av mye ned-

bør. De måtte da ta buss til Gol og Bergen, hvor han meldte seg på Marineholmen. Dette var i august. Papirene på dimitteringen var ikke kommet fra Tønsberg. På rullebladet fant de ut at han skulle ha vært inne i 11 måneder, men at det hadde gått 14 måneder. Det fikk nå så være. Så fant de ut at han hadde ikke tjenestegjort i 11 måneder, for han hadde jo vært på juleferie og på påskeferie da Herborg og Lovis giftet seg, i tillegg til sommerferien. Han kunne ikke dimittes og ble sendt ut på kjøkkenet hvor han ble satt til å skrelle poteter. Etter å ha skrelt og fundert litt, ruslet han bort til personalkontoret og så seg om. Der så han papirene sine på et bord inn forbi disken og ble enig med han som sto der, at da måtte jo alt være i orden. Innlevering av effekter og utlevering av sivile klær gikk greit og han fikk med seg en gul lapp opp til regnskapskontoret hvor han fikk utbetalt noen kroner som han hadde til gode fra Mågerø. Sykkelen hadde han med seg og ut porten gikk det i full fart. Utforbi i det fri, ruslet han glad og fornøyd avgårde mot kaien hvor han skulle reise hjem med "Bremnes" som gikk mellom Bergen og Rubbestadneset. Da var det kommet bussrute på Bømlo, så han tok bussen fra Rubbestadneset.

## Styrmannsskolen

Den 1. september begynte han på styrmannsskolen, året var 1951. Det var under en av turene gjennom Haraldsgata, at et vindu ble åpnet og Tullemor og Alma ropte på Svensn for første gang. Elevene gikk også på skolen på lørdager i de dager og på mandagene var det lang dag. Ved St Hanstider i 1952 var han ferdig med fullverdig styrmannsskole, som på den tiden varte i et år. Han klarte seg bra på skolen og hadde et lærerikt år bak seg.

## Offiser

Hjemme malte han og Ole Thompsen det gamle huset til Ole Barane. Etter dette fikk Svensn tilbud om å gå om bord i ei skute fra Haugesund som hette Argo, som 2. styrmann. Det var et lite



*Svenn som styrmannsskoleelev. Her utenfor Haugesund rådhus.*

ombygd marinefartøy på vel 600 tonn. De fraktet frukt fra Middelhavslanene, appelsiner, sitroner, løk og diverse sydfrukt oppover til Europa. På Island lastet de fisk som returlast. Tørrfisk til Napoli. I Napoli stjal napolianerne fisk og alt de kom over under lossingen. Svenn gikk uredd på de med taustropper. Han fikk beskjed om at de skulle kverke han hvis han viste seg på land.

Om bord hadde de en eldre haugesunder som var overstyrmann. Han sa noen sannhetens ord til Svenn, "hvis du vil fram her i livet, så må du reise til Oslo på skipperskolen. Du må ikke hefte deg opp med Haugesund". Dette tenkte Svenn på ofte.

Etter et år, var de på veg til Bergen, på et oppdrag for "Bergenske". Allerede i Oslo under lastingen begynte Svenn å mislike seg. Det var bare tull med sjauerne og lastingen. De heiv

melsekker oppå landbruksmaskiner og ned på skarpe ploger, så det gikk hull på sekkene. En "supercargo" fra Bergen, sa at det var ikke så nøye for de skulle laste om i Bergen. Der ble de på denne måten liggende i flere dager og da kunne "supercargoen" gå hjem og ha gode dager. Svenn mønstret av og reiste hjem.

Etter noen dager fikk han tilbud om å begynne i Knutsen rederiet i Haugesund, om bord i Elisabeth Knutsen, bygd på Kaldnes Mekaniske Verksted, på bedding. Det var det største skipet som til den tid var bygd i Norge, 18.230 tonn dødvekt. Den lå i dokk i Aker i Oslo for bunnsurning og daværende kronprins Olav var nede i dokken på inspeksjon. Det var Kaldnes sine folk som var på jobb under dokkingen og deretter var det av gårde å skaffe mannskap. Svenn mønstret mannskap i Tønsberg, hvor de gikk og ventet på skuta rundt St.Hanstider. Det var en tvilssom fornøyelse, noen av karene "ramlet utfor". Da skuta kom, måtte Svenn som var godt kjent i Tønsberg, rundt om å samle de sammen og få de om bord ute på Husøyflaket. De skulle sydover, men dro innom Haugesund på veien for framvisning, det var stor stas. Alma kom også om bord på visitt. Da var det fest om bord for haugesundsnobliteten, Ole Andreas Knutsen, himself var der. Svenn fikk jobben med å styre baren. Den var i en lugar, med ei fjøl tvers over noen krakker ute på dørken. Svenn skjenkte i glassene og det gikk unna. Da kom Knutsen bort til Svenn og sa "du må ikke ha for mye i glassene". Ved midnattstider gikk de sydover, lastet i Gulfen og losset i Australia, samt på østkysten av Afrika. Der gikk de i 2 år fram og tilbake. Da de kom opp til England, ved innløpet til London, gikk Svenn på land og reiste hjem, våren 1955.

På veien hjem, innom Oslo, kontaktet han Høeghredet og spurte etter ny jobb. De hadde ikke jobb til han på dagen men spurte om å få se karakterene hans fra styrmannsskolen, de var de fornøyd med. Svenn reiste så til Bømlo. Etter noen dager fikk Svenn telefonbeskjed om at han kunne reise til Haugesund og mønstret på. Hyre

ville han få fra dags dato og skulle reise ut om en drøy måned. I Høgh ble Svenn værende i over 35 år. Han var bare ute av rederiet det året han gikk på skipperskolen, da fikk han noen gratialer i skoletiden.

På en tur fikk han vondt i magen og nedover foten og måtte innom det norske legekantoret i New York. "Nei da" sier legen, "du har verken blindtarm eller noe annet". "Det er noe som er galt", Svenn holdt på sitt, men måtte gi seg. De gikk ned til Kaibien og lastet, men noe var galt med magen til Svenn. Midt ute i Atlanterhavet, måtte de kontakte Haukeland sykehus og fikk beskjed om at han skulle ligge helt i ro. De hadde fått penicillin om bord på den tiden og 300.000 units ble forordnet morgen og kveld. Det var pulver som ble blandet med vann og helt oppi ei sprøyte. Skipperen overveide om han skulle gå inn til Asorene med Svenn, men så ble det ikke noe av det. Haukeland sykehus hadde gitt beskjed om å fortsett turen. De kom fram til Bristol i England, etter at Svenn hadde ligget om bord uten mat i 10 døgn. 2 mann kom ombord med båre og inn på lugaren til Svenn. Han skulle nå på sykehus og så lyst på tilværelsen. Svenn ba de karslig om å flytte seg, trødde ut på dørken og det var det. Føttene bar ikke lengre. På hospitalet ble han operert for blindtarmen og lå på en sal sammen med ca. 30 andre. Der døde de rundt om, og noen hadde det vondt, men på grunn av de kjekke sykesøstrene var det riktig trivelig atmosfære på salen. Når de målte temperaturen, gikk det i Farenheit, medisinen ble dosert i C.C. Svenn spurte de hva C.C. sto for, men det viste de ikke. Han fortalte sykesøstrene om oppbygningen av taltallsystemet opp til en liters enhet. Dette kunne de ikke forstå, til tross for at de skjønnte at det var veldig enkelt.

Etter en ukes tid måtte Svenn forlate de kjekke damene på hospitalet og han reiste hjem. Han var innom Stavanger hvor mor hans jobbet og de reiste til Bømlø noen dager. Hun hadde fått stengt av strømmen da hun hadde dradd hjemmefra. Strømmen var nyinstallert, med en åpen enkel tavle. Svenn fant en liten ledning og koblet forbi måleren, dermed hadde de lys de

dagene de var hjemme. (Denne ledningen fant Svenn borte i løa si, forleden dag, den hang på veggen.)

Første flyturen over Atlanterhavet sto for tur.. Han reiste alene med et Dakota bensinfly, de måtte fylle drivstoff hele vegen, Oslo – Hamburg - Channon – Gardar (New Foundland) – New York. Det var 2 seter på ene siden og 3 på andre siden. Han satt i midten mellom ei svær, tykk dansk frue og ei amerikanerinne som pratet i ett. Den danske fruen feis noe forferdelig under hele turen. Omsider kom de til New York og Svenn måtte vente noen dager før skuta kom opp. Da hadde han vært vekke i ca. 3 uker. De gikk for Norske Esso fra Karibien til Norge, med alle slags typer olje. Han sto om bord på den båten til i april 1957, da reiste han hjem fra Tønsberg.

27. april 1957 giftet Alma og Svenn seg. I mellomtiden hadde skuta gjort en tur og kom til Stavanger for et verkstedopphold og da gikk Svenn om bord som overstyrmann. Alma ble med til Stavanger mens båten lå der, hun jobbet på Haugesund sykehus som vikar. Alma var flink til å reise han i møte når båten kom til Norge. Bergen var vanligvis første havneanløp i Norge, der var det god tilgang på ferskvatn på kaiene.

## Skipper

I august 1958 gikk han på land og begynte på skipperskolen 1. september, etter påtrykk fra rederiet. Svenn hadde egentlig andre tanker, men de maste sånn på han fra rederiet at han tok skipperskolen. Resten av sitt yrkesaktive liv seilte Svenn som skipper i Høegh rederiet.

På sine gamle dager har han drevet med litt jordbruk på Vorland, med noen sauer og litt husfiske. Både Alma og Svenn har opp gjennom årene vært ivrige medlemmer i Tur- og sogelaget og deltatt på laget sine turer og arrangement. På ferga treffer en ofte på de i den blå Volvoen. De har vært og er et samfunnsengasjert par, som det er godt å komme på kaffebesøk til. Drøsen tar fort av der i gården.



# Sjurine Mehus

**Av Liv Berit Lund**

Oppi garden på Espevær, omtrent midt på øya, budde bestemor mi, Sjurine Teodora Mehus. Ei middels stor dame med gråsprengt hår, alltid med lang kjole, forkle og skaut rundt håret, slik hugsar eg henne. Ho var stø og roleg, trygg, og alltid var ho oppteken av noko som skulle gjerast.

Bestemor var fødd i Alsaker i Hardanger 29. januar 1889. Før ho var fødd, mista ho faren og broren i forlis på nordlandskysten. Faren heitte Sjur, broren Teodor og derav fekk ho namnet Sjurine Teodora.

I ungdomsåra gjekk ho amtskule på Stord, og etter det fekk ho arbeid på Espevær. Ho skulle arbeida på butikken til Gundersen på Baadeholmen. Etter ei tid vart ho gift med Lars Amundsen og budde i det dei kalla Ola Hansen - huset. Dei fekk fire born. I tillegg til å vera husmor og mor, vart ho postopnar. Ho og Lars tok over garden i "Garden" - men etter ei tid døydde Lars og ho var aleine med born og gard. Det kom nok godt med at ho dreiv Posten og hadde det som attåt nærning, det var lite trygdepengar i dei dagar.

Seinare vart Sjurine gift med Aksel Mehus og dei fekk tre born. Det gjekk nokre år og så mista ho Aksel og var blitt enke for andre gong. Mor til Sjurine heitte Marie Alsaker, Ho og farmor til Sjurine flytte frå Hardanger til Espevær og budde på loftet i "Garden". Tenk på kor mykje det var plass til i eit hus på den tid! På ein liten sal var det seng, divan, bord, stol og ein stor kommode som var både kleskap og "spiskammer". Eg kjenner enno lukta av mjukt heimelaga smør.

Som dei fleste på den tid hadde bestemor

mykje å gjera, men eg trur ho hadde eit rikt liv. Ho stelte hus og heim, sydde og strikka. Eg hugsar at ho karda ull og spann tråd som ho strikka sokkar, vottar, gensarar og ullbolar av. Det var stas å ha ei bestemor som dreiv gard, særleg om somrane. Me barneborna fekk vera med i utmarka der kyrne var då, når dei skulle melkast. "Sudrer" var god mat for kyrne, og bestemor bar bøttene heilt til Åkerkve eller til Haugestølen ved gravplassen. Der var det oppkommevatn så kyrne fekk drikka, og vatn til å vaska spenene. Melkebøttene vart borne heim, melka silt, og til dei som hadde bestilt, stod då melka klar i kvite mugger, 1 liter i kvar, på bislagsbenken. Eg trur det var sjølbetjening.

Bestemor var alltid i aktivitet. Tykkjer eg ser



*Sjurine Teodora Mehus*



henne med riva på markene der ho laga såter og hesjer, tok opp poteter, melka kyr, steikte pannekaker på steikehella i kjellaren eller sat med handarbeid. Det beste minnet om bestemor for meg, er at eg visste ho var ei truande kvinne, ein kristen. Ho gjekk trufast til møte i bedehuset, alltid med songbok i handa. Blå Kors låg på hennar hjarte når det galdt misjon. Så lenge ho kunne, hadde ho talarar i huset når dei kom og hadde møteveke eller basar. Bestemor sydde dukar og puter til basarar, og kvart år laga ho ei dokke med hardangerbunad og den var ein gjev gevinst for oss jenter. Ho var kjapp på fingrane når ho talde årar og pengar. Eg trur ho var den fyrste på Espevær som laga til fest for konfirmantar. Ho ynskte at ungdomane skulle gå på bedehuset og høyra Jesus Kristus til, og ville gje

dei evangeliet på denne måten. Ho må ha vore over 60 år då ho begynte med dette, og det fortel litt om kor aktiv og vital ho var.

11. september 1964 flytte ho heim til Gud. Då hadde ho i fleire år slite med dårleg hjarte og kunne lite gå ut. Ho sat helst i kammerset med handarbeid eller las, las bøker og blad og var levande interessert i alt som rørde seg. Det er tankjevekkande og sjå attende på korleis bestemor og mange, mange med henne levde i det som me i dag ser på som slit og strev. Men for oss, og for meg er desse minna noko verdifullt, noko som skin og strålar når eg minnest dei og gjer meg takksam forat eg hadde ei bestemor som Sjurine Mehus.

## Tilbakeblikk:



Tilbakeblikk:  
Parti frå Hovland


# Hans'en og Margot på Kaien

Av Hanne Synnøve Tislavoll og Kirsten Mona Aadland

Heilt sidan me såg "dagens lys" har desse to vore nokre av dei viktigaste i liva våre. Kvar kveld før me la oss kom dei innom, og då vanka den høgt elska mini-Stratosen og mykje leik og moro. Det var alltid like trist når dei skulle gå, og me gøymde desperat skoa slik at besøket skulle vara litt lengre. Margot og Hans er kjende ansikt på Bømlø, men kven er eigentleg dette eldre "tospannet"?

Margot og Hans vaks opp på Vorland, og har, som dei seier sjølve, alltid kjent kvarande. Margot vaks opp saman med to eldre brør på Kaien i det same huset ho bur i den dag i dag. Hans vaks opp på gard, i ein syskenflokk på fem. Dei byrja på skulen som 7-åringar, og gjekk på skulen i sju år. I dag høyrer me rykte om høgt støynivå og klatring i gardinene. Korleis var det eigentleg i skulestova for 70 år sidan? Dagen starta med å helsa på læraren. Jentene måtte neia, og gutane bukka. Medan elevane enno vart ståande, opna læraren med andakt, bøn og ein felles song. Så fortsette første time med kristendomsundervisning. Ein la vekt på bibelhistorie, høgtlesing og pugging av bøner, bibelvers og salmevers. Margot og Hans synest det er trist at borna i dag ikkje får den same kjennskapen til den kristne arven vår. Dette er noko dei har teke vare på heile livet.

I samfunnet i dag veks borna opp med data, gameboy og overflod med leikar. Etter ein del sondering frå underteikna, fann me ut at leiken før høyrdest mykje meir spanande ut. Me kan nemna Jeppe, ABC-titt, Paradis-hinking, Ut å gå på brannvakt, Oleviboysmann, Slå på ringen og mykje meir. Slå - ball var ein sikker vinnar, og ein gong stal Hans med seg systema sin ball på skulen. Det enda med at klassekameraten



*Margot og Hans Nilssen*

kasta den gjennom eit vindauga som ikkje stod ope... Heldigvis var læraren i godt humør, så ballen fekk bli med heim att.

Det var vanleg å bruka robåten i ulike ærend. Margot var ikkje stor då ho byrja å ro til Zahlahuset for å handla på krambua, der brørne hennar jobba. Hans var mykje hos bestefaren sin på Lambøy, og det var eit langt stykke å ro for småguten. Det var heller ikkje snakk om redningsvestar og liknande utstyr, og mange mødre pusta letta ut då borna kom inn for kvelden, også på denne tida.

Far til Hans var på fiske på Island i 27 somrar, og Hans arbeidde på garden i tillegg til skulegong. Margot lærte òg tidleg å ta del i arbeidet til far sin. Han hadde både kommunekassen, banken, likninga og folkeregisteret, og ho byrja å hjelpa med dette frå ho var lita skulejente.

Hans har alltid vore ein skøyar, og frå sikre kjelder har me høyrte om eit lite påfunn: Margot

og Hans skulle treffa kvarandre ein sein haustkveld, og Hans la seg på lur i ei mørk grøft for å skrema Margot. Problemet var berre at ei anna dame hadde lik Margot si kåpe. Ho vart dermed "overfalt", og fekk aldri vita kven gjerningsmannen var. Me er enno ikkje sikre på kven som skvatt mest av gjerningsmannen eller offeret...

Det kan nok til tider ha vore meir enn spennande nok å leva i dette stummande mørkret. Ungdomane hadde god sjanse til å lura på kvarandre, og for gutane var det om å gjera å finna ut kor jentene hadde vore den kvelden. Søndagskveldane samla ungdomane seg på Kaien då båten kom, og då båten før, gjekk dei ut i bedehuset. Dei fylte heile galleriet, og dei mest forvitne sette seg fremst. Elles lika ungdomane seg på basar. Margot hadde som regel full jobb med å skriva i loddbøkene. Dette kunne vera ein hard jobb i og med at lodda berre kosta 10 øre. Dei kunne halda på til over 12 om natta, og dei vann strikkesokkar, sengeteppe og ymse småting. Heldigvis er det ikkje alt som har forandra seg i denne verda!

Ungdomstida til Margot og Hans var svært forskjellig. Då krigen braut ut, reiste Hans til England, berre 18 år gammal. Han ville vera med og kjempa for landet, og reiste utan forvarsel. I England byrja han i eit soldatkor, for alt i skuletida hadde han utmerka seg som ein god songar. Dette koret vart ein gong dirigert av sjølvaste Kirsten Flagstad! Ho reiste rundt og oppmuntra soldatar. Margot arbeidde i Forsyningsnemda, og i 1943 reiste ho til Haugesund for å gå på handelsskulen.

Dette er faktisk det einaste halvåret Margot ikkje har budd i huset på Kaien. På ei av Haugesundsreisene var ho einaste passasjer på

ferja, og det var berre ein som hadde vakt. Då han skulle ned og sjekka maskinen, ba han Margot styra over fjorden. Dette var greitt berre han kunne lova å koma opp att før dei skulle leggja til kai! Etter handelsskulen fortsette ho i Forsyningsnemda, og sidan ho hadde fått opplæring på skrivemaskin og reknemaskin, var det ikkje vanskeleg å få ulike jobbar.

Då freden kom, var Hans i "det gløynte kompaniet". Han hadde vore heimom sommaren same året, og då Hans og Margot traff kvarandre att, visste dei at dei hadde ei framtid i lag. I 1946 vart dei ringforlova, og i 1949 gifta dei seg. I denne perioden var det vanskeleg å få arbeid, og Hans verva seg i militæret, og han vart kommandant på Bergenshus festning. Der hadde han ansvaret for soldatane. Seinare har han fått fleire medaljar for innsatsen han gjorde i krigen, både i Noreg og Russland. Han reiste òg på Islands- og Nordsjøfiske, og etterkvart fekk han jobb i HSD. Margot var kommunekasserar, men sa opp jobben for å få betre tid til dottera. Seinare fekk ho andre kontorjobbar som revisor i banken, og ho arbeidde òg på ordføraren sitt kontor. Dei siste 23 yrkesaktive åra var ho på Hillestveit skule. I byrjinga underviste ho i maskinskriving og bokføring. Seinare vart ho kontorsekretær, og denne jobben likte ho svært godt.

Margot og Hans (mormor og morfar) er to svært engasjerte besteforeldre. Dei har berre to barneborn, og dei er alltid interesserte i kva me held på med. Me har alltid drive på med song og musikk, og når me er rundt omkring og syng, møter dei opp anten det er høglydt gospel, jazz eller klassisk musikk som står på programmet. Me er heldige som har dei til besteforeldre, og me ser alltid fram til lange UNO- kveldar med god humor når me er heime på Bømlo.





**Klassar ved Hillestveit skule på første halvdel av 1950- talet.**

Første rekke frå venstre: Aud Toft, Else Vorland, Margrete Knutsen, Solveig Tollevik, Bjørg Vold, Erna Marie Vespestad, Hanna Dagsland, Ester Johanne Hovland, Ragnhild Monsen, Hildur Vespestad, Kirsten Åse Tollevik, John Dørheim, Bjørn Lønning, Sten Arne Lønning, Johannes Harald Vorland, Einar Vorland, Knut Vold, Odd Lodden, John Arne Hovland.

Andre rekke frå venstre: Asbjørg Hovland, Kjellaug Lodden, Hilborg Eidesvik, Einar Ingebretsen, Sten Lodden, Ivar Vespestad, Arne Johan Knutsen, Bernt Strand, Einar Kallevåg, Rolf Magne Lodden, Bernhard Walter Hovland, Sigmund Eide, Magne Eidesvik, Kirsten Lønning, Solveig Eide, Else Dagsland, Sølvi Vestvik, Ingeborg Vorland.

Tredje rekke frå venstre: Ingeborg Øye Lodden (lærer), Astrid Ingebretsen, Arne Vold, Kristian Eidesvik, Kåre Kallevåg, Knut Brakestad (lærer), Arne Lodden, Margot Haraldseid (lærer), Martin Vold, Kurt Lønning, John Modolf Strand, Leif Eidesvik, Rudolf Hovland, John Toft.  
Ikkje til stades på biletet: Hilmar Johnsen, Odd Lønning.



# «Telefonistinde»

## Ved Bernt Emil Vika

Det er vel mange som drøyer om ein rik onkel i Amerika, ein som ser med velvilje på ein slektning i gamlelandet og sender pengar av og til frå livet sitt i overflod. På slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet reiste fleire hundre tusen personar frå Norge til Amerika, mange også frå Bømlo. Draumen om eit betre liv fekk folk til å forlata hus og heim, slekt og venner i Norge og satsa på at sjebnen ville gi dei eit trygare tilvære i «Junaiten». Nokre gjorde lykke «over there», andre gjekk det ikkje så bra med.

Brevet nedanfor er adressert til Johan Larsen (Vespestad), han som fann steinøksar i

som har pengar å gi bort. Denne gongen er det ikkje frå ein rik «onkel» i Amerika, men frå ei rik «tante». Summane er ikkje så store etter vår tids målestokk, men sikkert eit kjærkome tilskot for dei som vart pengane til del.

*Chicago Feb 17. 1893*

*Hr Johan Larsen*

*Kjære Ven*

*Jeg vil bede dig være saa god og modtage en liten Gave Penge jeg sender dig og dine Søskende. Pengene faar du af Postmesteren paa Vorland og Kvitterer til ham for dem. Summa Kr 142 og Deler dem saaledes. Til din Søster på Hille Kr 35. Til din søster paa Holme Kr 35. Til din Svoger og Børn efter din Søster paa*



*Lovisas syster Stina og mannen hennar Endre Mikkelsen dreiv garden i Luten med mora Asseline.*

Sokkamyra. Avsendar er tydeligvis ein person

*Espevær Kr 35, og til dig selv Kr 37.*

*Jeg haaber at du er saa god og sender disse Penge sikkert til Deres Bestemmelse.*

*Jeg lever vel med Helsen, det var en tung Sorg for mig da min Mand Ole Nelson døde. Jeg har hørt at din Moderer er død for en Tid siden. Jeg har ikke talt med din Broder Nels på en lang Tid.*

*Jeg får slutte med en Venlig Hilsen til dig med Familie og Søskende.*

*Julie Nelson*

*54 West Erie Street Chicago*

Lovisa Johannesdtr. Luten blei født i 1870. Broren Bernhard var to år eldre. Tunet i Luten lå i hallet oppunder høgaste Hogjen, med fritt utsyn over Bømlafjorden. Kring tunet var det gode grasbakkar, og åkerflekk mellom haugane. Garden fødte 4 kyr og 6 sauer.

I huset budde besteforeldra, med vilkår. Faren, Ole Johannes, åtte ei gamal hønerevskøyte til fiske og frakting. Mora, Asseline, kom frå Espevær, der ho var oppfostra hos besteforeldra sine, Sem, som dreiv krambu ved Svartesjøen.

Med tida fekk Lovisa 4 småsøskjen, her blei fullt i huset. Ho måtte snart ut og tena. Sjølsagt reiste ho til Espevær, der ho kom i saltarbeid på Nautøy ved Svartesjøen.

Men i 1887 kjem Lovisa, 17 år gamal, i huset til Hans Jacob Baade, på Baadeholmen ved Nora Sundet.

På Baadeholmen ser Lovisa mange hus, dei fleste bygde i den blømande sildetida

1840-50-åra: krambu, saltebu, to små stovehus, Steinkopfhuset (etter bøkkermeister Steinkopf), Ølstova (med benker langs veggene). Lovisa kjenner seg heime i fjoset med dei to kyrne. Men merkjelegast av alt er det store Baadehuset. På ein høg, gamal kjellarmur har Baade reist eit bolighus i bindingsverk, engelsk stil, med soverom både i aust og vest, med høgt, ope loft, bratt tak, og engelske skorsteinspiper.

Hans Baade var då stor sildekjøpmann. Han tok imot silda frå fiskarane, salta silda i tunner, og selde tunnene til eksportfirma i byane. - Etter 1870 var silda borte i fleire år. Men ut i 1880-åra er sildestimane atter tilbake på sine vandringer som før. Og Baade driv framleis sin sildehandel.

Lovisa er fest som tenestejente og kokk. Kjøkenet er i kjellaren med dei tjukke veggmurane under Baadehuset. Lovisa koker her i den digre grua. Og ho finn eit skap fullt av engelsk steintøy, store, tunge tallerkar og fat frå den tid då Baade hadde hummarhandelen. Då lå dei engelske brunsluppene her i dagevis og venta på full last av levande hummar. Baade var god ven med dei engelske skiprane.

No er Lovisa med i kavet seinhaustes, når folket på Baadeholmen gjer seg klare til å ta imot silda. Baade har reist eit tilbygg til det store huset, med stover, og med bakaromn i kjellaren. Her er bakaren igang med å steika opp ei mengd med kavringar. Bøkkarane stablar opp lad på lad med tunner. Lovisa vasker og vøler dei rom der fiskerioppsynet skal losjera. Og ho ber halm opp på loftsgolva der fiskarane skal liggja. Krambua får ny forsyning brennevin. Og alle held auga med månen.

I eit skur ligg nokre gamle likkister. Lovisa blir sett til å hogga dei opp til brenneved. Ho fæler når ho tenkjer på fiskarane som døydde av kolera herute under sildefisket i 1849. Då var her ikkje tid til å gravleggja alle. Mange lik måtte hivast i havet, ned den bratte Likklova på vestsida av Nautøy.

Lovisa lengter heim. Tidleg om morgonen når ho har ein frisundag tar ho færingen og ror søraust over Espeværsundet, langs Bømlolandet, rundt Odno, og vidare inn til Bømlahamn og Luten. Same kvelden attende til Espevær.

Ein dag er silda på innsig mot Raugholmane

og Espevær. Måkeskrik og kvalblåster. Med eitt høyrer Lovisa fiskarane koma over berget, klaprande i dei kvite treskorne sine. Dei ber med seg sengklede og mat: surmjelk, grautmjøl og spekeknokar, tiner med kumler (kumlene møglar snart og liknar lodne katter). Fiskarane kjem i opne fiskebåtar. Dei tingar seg no soveplass på loftene, dei fleste i Baadehuset. Her ligg dei tett som sild i tunne, for 7 øre natta.

Fiskarane er alltid grytidleg oppe, dei lyt trengja seg fram til ei gruva for å koka kaffikjelen. Dei et ikkje noko heile dagen. Lovisa må gøyma flaskene deira til dei får tid til å drikka. Men utpå kvelden koker dei gjerne eit digert kjerald fullt med graut.

Fiskerioppsynet er på plass i sine værelser som ligg på rad mot vest i Baadehuset: sjefsalen, domarsalen og doktorsalen. Lovisa skal gå inn til dei med vatn om morgonen. «Men dei er so ufjelge, so eg syter meg med da.»

Telefonen er kommet til Norge. Baade er framleis ein drivande handelsmann. Han ser at telefonen kan vera til nyttes, han søker og får telefonstasjon i Baadehuset til vinteren 1890. Espevær er soleis fyrste fiskeveret som har telefon. Tenestejenta og kokk Lovisa Johannesdtr. blir tilsett som «Telefonistinde».

Her er fleire landnotbruk på jakt etter silda. Dei stengjer viker og sund mellom holmane. Det gjeld å koma fyrst, reine kappestriden. Og det gjeld å melda inn til kjøparane kor mykje sild som står i lås, og høyra om prisene. Notabasane treng å styrkja seg med brennevin. Dei kjem stupande og brølande inn til telefonen, sopande fudle, men ringja skal dei. «Eg trur adle notabasar drikke», sukker Lovisa, «og so digre dei er, desse strilane, ja desse Møkstringane» - Fiskarane er snille og greie, her er mange strilar. Lovisa må gøyma flasker for dei, til dei får tid til å drikka.

Her er ei ny tid i emning desse åra. Fiskarar har vore ute i Nordsjøen, vestover til

Revkanten, og dorga makrell. Sume har reist til England for å kjøpa havgåande fiskefartøy som ligg opplagde i Lowestoft og Yarmouth. Det er ein fest når Lovisa ser dei engelske sluppene koma strykande heim for fulle segl. Engelske varer har dei med, ja endåtil ei dokke med silkeshår og glasaugo. Ja ja, segjer Brita til Anno, ja ja. - Dorgarane kjem inn med makrell, salta i tunner. Heime blir det mykje arbeid utgjenom hausten, med å sortera og pakka makrell for Amerika.

Lovisa misser far sin, Ole Johannes dør i 1892. Asseline lyt driva garden i Luten med hjelp av dei borna som enno bur heime. Men Lovisa gifter seg med bøkkeren Sivert Nilsen frå Vestvik, Bømlo. Dei får sonen Ingvald i 1894.

Baade blir gamal no, 93 år, han sit mest i ein stol. Han dør i 1895. Året etter får Albert Gundersen auksjonsskøyte på heile Baadeholmen. Han tar nye folk i arbeid, taus og krambudreng. Lovisa er framleis telefonistinne.



*Lovisa Nilsen*

Lovisa og Sivert trivst og arbeider godt ilag. I 1902 bygslar dei frå Albert Gundersen eit jordstykkje langs sjøen på sørsida av Holmen, byggjer seg naust med våning oppe, og ei lita løe med fjøs. Dei før fram 9 born, 4 gutar og 5 jenter.

Etterkvart skifter mykje om på Baadeholmen. Albert Gundersen skriv seg i manntalet 1900 som «Landhandler, Hønseholder, Skibsreder, Spekulant» Han råder over kapital, og kjøper fartøypartar til Islandsfiske og selfangst. Sjøl eig han engelske fiskesluppar til makrelldorging. Han bygger kai, og her ligg stadig fiskefartøy og frakteskuter. Varer til krambua får han frå Bergen. Han tar fleire folk i arbeid, Ola Størkson som «altnulig-mann», og Olga Torsteinsdtr. Eiken som tenestejente. Lovisa er framleis telefonistinne. Gundersenfamilien veks, og Baadehuset blir for lite. Her må vel bygges nytt hus.

Det høge, store huset ved kaien står ferdig i 1908. I kjellaren er her lager. I fyrste høgda er her krambu, bakaromn, kontor og kafé. Familien har sin bolig i andre høgda, i tredje høgda bur tenarar og arbeidsfolk. Dorgarane kjem inn med større og større fangstar. Her er mykje arbeid med makrellen utgjennom hausten.

Ungguten Ingvald Nilsen får plass med eit dorgefartøy. Han er ein meister til å flekkja makrellen, han blir etterspurd og tener godt.

Telegrafverket leiger no lokal i det gamle Baadehuset, og løner telefonistinna, frå 1911.

Krigen bryt ut i 1914, og rasar snart over heile Nordsjøen. Med dette sluttar makrelldorginga for godt.

Lovisa misser mannen sin, Sivert Nilsen døyr i 1916. Lovisa har enno 3 små born heime. Ho trøyser seg til eldste sonen Ingvald, han gifter seg ikkje, men blir buande heime med mor si. Ingvald er fiskar. Og han har børse, kvar haust er han ute på alkejakt, han skyt på hundravis med alker. Alkekjøtt er god mat. Lovisa

reinskar fjør og dun, heile familien har si eiga dundyne.

Men Albert Gundersen finn ikkje lengre ro på Holmen i krigstida. Han sel heile Baadeholmen til Karl Garvik i 1917, og flutter med familien sin til Haugesund.

På denne tida kjøper England opp ei mengd med sild, som skal lagrast i Espevær av Berner Garvik. Han finn lagerplass i blomehagen på Baadeholmen. Dei grev ut ein rullebane frå sundet opp til hagen, og her rullar dei inn på tusenvis av tunner, til heile hagen er full. Her blir tunnene liggjande i fleire år, til dei rotnar og stinkar.

Telefonstasjonen flutter over til dampskipskaien hos Larsen på hi sida av sundet, i 1919. No lyt dei henta varer frå dampskipskaien i føringsbåt over til krambua på Holmen. Men her er framleis krambu og bakar heile året.

Lovisa står no utan fast inntekt. Men rådlaus er ho ikkje. Ho tar seg arbeid med baking og sil-desalting. Og ho har to kyr. Det gamle fjøset ramla ned, men ho får tak i eit styrehus, her kan kyrne bu, dei står fornøgde og kiker ut gjennom styrehusglaset. Om somaren beiter dei på Ådnøy. Men i vårknipa må Lovisa sankta før. Ho ror ut i Nordøyane, her skjer ho tare langs stredene, ho slår det tunne graset som veks i holmane, og riv den mjuke lyngen.

I 1924 kjøper Ingvald Nilsen det store jordstykkjet som dei bygsla tidlegare. Og i 1950-åra sel han fyrst husgrunn til litle-syster si, Frida, og mannen hennar Alf Teigstad, og til bror sin, Oskar Nilsen sel han sjøhusgrunn.

Lovisa har då nær familie, velberga, busett kring seg på Holmen. Ho døyr 90 år gamal, i 1960.

### **Kari Shetelig Hovland**

(Etter samtal med Lovisa Nilsen i 1954, då ho var 84 år gamal.)





*Tilbakeblikk:*

*Kåso tidleg på 1960-talet.*

Billedskanning: Bernt Emil Vika  
Formgiving og sideombrekking: Knut Morland  
Trykking: HBO, Haugesund